


ÅRSMELDING OG REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS



2012

STYRETS ÅRSMELDING 2012

2012 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 25 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldnings og fritidshusabb	Slamabb
Ørsta	4655	1129
Volda	3929	528
Sum	8584	1657

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 3 møter og styret 3 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Jostein O. Mo – leiar, Eivind Nævdal Bolstad – nestleiar, Arne Oddmund Torvik, Astrid Gjersdal, Rebecca Christina Riise, Rigmor Vartdal, Johan Bertil Vartdal, Kari Aamaas.

Styret sine medlemmer: Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Ivar Aarskog - nestleiar til 21 september deretter tok Jon Helge Bjørndal over som nestleiar, Pauline Vinjevoll, Jan Henning Egset og Ove Myklebust (tilsette representant)

INNSAMLING OG GJENVINNING.

Innsamling og avsetning av avfall går som normalt i 2012. Attvinningsgraden er 99 %. Dette fordelar seg på 55 % energiattvinning og 44 % materialattvinning. 0,6 % går til deponi og er ikkje brennbare fraksjonar som eternit og byggisolasjon.

Nedanfor er ein tabell som syner mengder i 2011 mot 2012.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2011	2012
Hushaldningsavfall	3.632	3.597
Papir / papp	1.185	1.053
Plast	32	30
Glas	218	141
Farleg avfall	128	108
E.E. avfall	232	204
Hageavfall	Ca 2.000	Ca 2.000
Grovt restavfall	554	579
Trevirke	201	224
Slam		774
SUM	8.182	8.710

Gjenvinning

Det er eit mål å auke materialgjenvinninga slik at det kan lagast nye råvarer. Det krev reine fraksjonar utan innslag av ureining. Her har vi ei utfordring innan alle fraksjonar.

Plastsekkar i hageavfallet blir ikkje til jord når vi komposterar, og ingen vil ha jord som inneheld plastbitar. Innblanding av eldfaste former, krystall eller keramikk ureinar

emballasjeglaset og kan gjere heile parti ueigna til gjenvinning. Matrestar i plastavfallet blir ikkje ny plast, og er kjelde til lukt og utøy. Jord, planter og hageavfall i hushaldningsavfallet har ingen brennverdi og blir ikkje til ny verdifull jord slik den burde verte. Tilgrisa papir av fett og matrestar er restavfall, og det blir det ikkje nytt papir av.

Reine fraksjonar er ein føresetnad for gjenvinning, og det har abonnentar og VØR eit felles ansvar for å få til.

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall har flata ut siste åra. Den same utviklinga ser vi i 2012, der mengdene faktisk går ned til tross for at folketalet aukar i begge eigarkommunene våre. Det er positivt. Restavfallet blir levert til energigjenvinning via HRR Miljø AS på Hamar. Dei har igjen brukt Tafjord Kraftvarme AS som sitt mottaksanlegg.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane går ned også i 2012. Lesebretta og nettavisene tar meir og meir over for papiravisene også i Noreg. Vi har sett ei utflating og litt fallande kurve heilt frå 2008. I 2012 er nedgangen stor med ein reduksjon på heile 11 %.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

Grønt Punkt Norge motiverar oss til å sortere ut drikkekartong ved bruk av returkartonglotteriet. I 2012 hadde vi heile tre vinnarar frå vårt område. Toril Vatne, Hovdebygda Barnehage og May Sunde Osdal vart uttrekte som vinnarar av kr 10.000. Vi gratulerer.

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull (glava) Innsamla mengder glas har gått ned siste året etter å ha auka år for år. Grunnen er truleg at fleire og fleire mat og drikkevareprodusentar no nyttar alternativ emballasje til glas for å redusere sine logistikk - kostnader.

Plast

Plast går til Tyskland for attvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart. Etter mange år med materialattvinning på 30-40 % av den innsamla plasten, gir moderne sorteringsteknologi no ei attvinningsgrad på rein og tørr hushaldningsplast på opp mot 80 %. Hos oss er ordninga også i 2012 frivillig, i påvente av at kommunestyra får slutthandsama renovasjonsforskriftene.

Farleg avfall.

I 2012 samanlikna med 2011 tala kan det sjå ut som mengda av innsamla farleg avfall har gått kraftig ned. Det er ikkje heilt rett. Mengda farleg avfall er relativt stabilt år for år. Volumet er om lag som før tar vi med lagersaldo pr 31.12.12. Fordi Klif no har utvida talet fraksjonar som vert rekna som farleg avfall, vil det totale volumet farleg avfall auke i åra som kjem.

Vi har som før 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typer elektroavfall.

Slam.

2012 er det ordinær innsamling av slam. Innsamlinga kom litt seint i gang, noko som resulterte i at entrepenøren ikkje var heilt ferdig når frosten kom. Dette vart tatt i januar 2013. Totalt vart det samla inn 774 tonn slam frå slamavskiljarar i 2012.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte litt mindre E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2012 i høve 2011. Grunnen er at handelsbedriftene og dei landsdekkande kjedene som er etablert i Volda og Ørsta har egne oppegåande ordningar for mottak av EE avfall. Innsamlinga frå VØR har returselskapa Elretur AS og ERP Norge AS stått for. EE avfallet blir miljøsanert og sendt til gjenvinning.

Drift

Drifta i året overfor abonnentane er i stor grad prega av "business as usual". Av nye tiltak innførte vi e-fakturaløysing, laurdagsope vart utvida frå 20 til 26 veker, vi gjekk over til å fakturere to i staden for tre gangar pr år og vi oppretta eit nytt glasreturpunkt hos Coop Ekstra i Furene.

Hausten 2012 starta vi på ei oppgradering av anlegget i Hovdebygda med installasjon av meir utelys, oppgradering av nokre av bygga parallelt med at vi sette opp bommar i tilknytning til veka for å få betre likehandsaming og kontroll av kven som er på anlegget til ei kvar tid.

Internt har vi brukt mykje ressursar på revidering av strategi og av forskrifter. Dei siste vart oversendt kommunene til handsaming medio april, og er ennå ikkje slutthandsama.

Administrativt har iverksetting av det nye forvaltningssystemet tatt mykje tid. Dette er ei stor omlegging, som har tatt mykje tid å få på plass. Resultatet er at vi no har langt betre kvalitet på styringsdata mot tidligare, i tillegg til at vi no har det same styringssystemet som Volda og Ørsta Kommune.

VØR 25 år i 2013.

Hausten 2012 engasjerte styret Gunnar Ellingsen for å skrive avfallshistoria til VØR og Volda og Ørsta Kommune i samband med at VØR er 25 år i oktober 2013. På grunn av dette har vi brukt ein del tid på å rydde opp i arkivet vårt og gjere det tilgjengeleg for alle på heimesida vår. Alle årsmeldingar, rekneskap og protokollar frå styre og rep.skap frå starten og fram til i dag ligg no på www.vor.no. Etter kvart vert dette supplert av eit biletearkiv.

Eigarskap i andre selskap.

Vi har eigarskap i andre selskap fordi dette gir oss auka kompetanse, samla god ressursutnytting og styrker vårt driftsresultat.

Ved utgangen av 2012 har vi slikt eigarskap i andre selskap:

30 aksjar i Rekom AS (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan meking av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. I 2012 vert trevirke og papp/ papir mekla via Rekom.

77 aksjar i Retura Norge AS (0,64% eigarskap) Firmaet driv mest med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall. Selskapet driv i tillegg med innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er 2/3 eigd av kommuner og interkommunale avfallsselskap. 1/3 eigd av private.

50 aksjar og 100% eigarskap i Retura Søre Sunnmøre AS(RSS). Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall for næringslivet i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2012 på 18,5 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester for næringslivet. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda og drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS på grunn av god utnytting av felles bygningsmasse, spesialutstyr og personalressursar.

Personal, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 15 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2012 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder for å kartlegge arbeidsmiljøet og avdekke eventuelle avvik. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert.

Vi har eigen Sikkerhetsrådgivar, slik forskriftene for anlegg med farleg avfall krev.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar.

Av våre tilsette er 4 kvinner

VØR hadde 2,4 % eigenmeldt fråvær inklusiv fråvær på grunn av barns sjukdom (< 3 dagar) og 9,0 % legemeldt sjukefråvær. Av det legemeldte sjukefråværet går alt fråværet utover 16 dagar. Totalt eit sjukefråvær på 11,4 %. Av sjukefråværet på 11,4 % står to langtidssjukemelde for 8,5 % av fråværet Vi har ikkje registrert dagar med sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2012.

Vi har ikkje registrert tilfeller av forureining til det ytre miljø i 2012. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro-motorar.

Representasjon.

Ann Britt Våge Fannemel, Ivar Aarskog, Ove Myklebust, Gunn Velle Tranvåg, Anne Mette Farstad og Petter Bjørdal representerte VØR på årsmøte og temadagar i Avfallsforum Møre og Romsdal i mars.

Ann Britt Våge Fannemel, Pauline Vartdal Vinjevoll og Gunn Velle Tranvåg deltok på styrekurs / treff for nye styremedlemar i avfallsbransjen i Molde i mai.

Ann Britt Våge Fannemel, Jan Henning Egset, Ove Myklebust, Edle Holmin og Petter Bjørdal deltok på den nasjonale avfallskonferansen i Stavanger i juni.

Jostein O. Mo, Gunn Velle Tranvåg, Anne Mette Farstad og Petter Bjørdal deltok på Haustkonferansen til Avfallsforum Møre og Romsdal på Oppdal.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava og dei kommunale forskriftene av 30.06.04

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. Anlegget i Alida vart stengt for vidare inntak av slam den 31.12.12.

ØKONOMI.

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr. VØR sette ned gebyra i 2008-09-10 og 11. I 2012 er gebyra uendra frå -11. Dette for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane.

Årsresultatet av drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på 120.073,- som vert dekt av bunde fond hushaldningsgebyr.


Årsresultatet syner eit overrskot på slam på kr 293.397,- som vert tilført bunde fond slamgebyr. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene inklusiv påløpte inntekter vert ført i partalsår, medan mykje av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 666.223,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.


Resultatrekneskapen viser totalt sett eit samla overskot på kr 839.547,-


Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjelpt oss også i 2012. Styret meiner at føresetnaden for fortsatt drift er tilstade. Totalt sett er styret godt nøgde med året 2012, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 18.03.12


Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar


Jan Henning Egset


Ove Myklebust
(tilsette sin representant)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar


Jon Helge Bjørndal
Nestleiar


Pauline Vinjevoll

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP**

	Note	2012	2011
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		23 276 766	21 318 929
Annan driftsinntekt		<u>57 739</u>	<u>65 457</u>
Sum driftsinntekter		<u>23 334 505</u>	<u>21 384 386</u>
Driftskostnader			
Varekostnad			
Lønnskostnad	-2	7 891 018	7 038 914
Avskrivning	3	2 997 234	2 748 897
Annan driftskostnad		<u>11 383 447</u>	<u>12 129 113</u>
Sum driftskostnader		<u>22 271 699</u>	<u>21 916 924</u>
Driftsresultat		<u>1 062 806</u>	<u>-532 538</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		531 884	240 562
Annan finanskostnad		<u>612 545</u>	<u>446 970</u>
Sum netto finansposter		<u>-80 661</u>	<u>-206 408</u>
Resultat før skattekostnad		982 145	-738 946
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>142 598</u>	<u>243 482</u>
Ordinært resultat		<u>839 547</u>	<u>-982 428</u>
Årsresultat		<u>839 547</u>	<u>-982 428</u>
Årsoppgjersdisposisjonar			
Frå fond til etterdriftstiltak deponi			
Til fond slam		293 397	-355 632
Frå fond hushaldning		120 073	-1 308 007
Overført annan EK		<u>666 223</u>	<u>681 211</u>
Sum disponert		<u>839 547</u>	<u>-982 428</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**BALANSE PR. 31.12.12**

	Note	2012	2011
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	16 686 639	17 567 332
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	<u>7 653 775</u>	<u>9 015 697</u>
Sum varige driftsmidler		<u>24 340 414</u>	<u>26 583 029</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 148 703</u>	<u>1 121 677</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 148 703</u>	<u>1 121 677</u>
Sum anleggsmidler		<u>25 489 117</u>	<u>27 704 706</u>
Omlaupsmidler			
Varer			
Varelager		<u>84 264</u>	
Sum varer		<u>84 264</u>	
Fordringar			
Kundefordringar		1 968 819	1 031 560
Andre fordringar		<u>716 247</u>	<u>1 716 401</u>
Sum fordringar		<u>2 685 066</u>	<u>2 747 961</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>13 908 825</u>	<u>8 274 340</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		<u>13 908 825</u>	<u>8 274 340</u>
Sum omlaupsmidler		<u>16 678 155</u>	<u>11 022 301</u>
SUM EIGEDLAR		<u>42 167 272</u>	<u>38 727 007</u>

2012

2 011

EIGENKAPITAL OG GJELD**EIGENKAPITAL****Opptent egenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	762 224	762 224
Fond for slamhandsaming	863 191	569 794
Fond for hushaldning	8 810 651	8 930 724
Fond for reinvestering etter brann		
Annan egenkapital	8 079 943	7 413 718
Sum opptent egenkapital	<u>18 516 009</u>	<u>17 676 460</u>

Sum egenkapital

	<u>18 516 009</u>	<u>17 676 460</u>
--	-------------------	-------------------

GJELD**Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt	88 130	94 070
Sum avsetning for forpliktelsar	<u>88 130</u>	<u>94 070</u>

Annan langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	5 <u>19 791 174</u>	<u>12 854 390</u>
Sum annan langsiktig gjeld	<u>19 791 174</u>	<u>12 854 390</u>

Sum langsiktig gjeld

	<u>19 791 174</u>	<u>12 948 460</u>
--	-------------------	-------------------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	2 158 637	6 567 220
Betalbar skatt	148 538	194 669
Skyldige offentlege avgifter	330 647	310 912
Annan kortsiktig gjeld	<u>1 134 137</u>	<u>1 029 286</u>
Sum kortsiktig gjeld	<u>3 771 959</u>	<u>8 102 087</u>

Sum gjeld

	<u>23 651 263</u>	<u>21 050 547</u>
--	-------------------	-------------------


SUM EIGENKAPITAL OG GJELD

	<u>42 167 272</u>	<u>38 727 007</u>
--	-------------------	-------------------

Hovdebygda 18.03.13




Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar




John Helge Bjørndal
Nestleiar i styret




Jan Henning Egset
Styremedlem



Pauline V. Vinjevoll
Styremedlem



Ove Myklebust
Tilsettere representant



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2012

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	2012	2011
Løner	5 424 979	5 111 885
Folketrygdavgift	972 113	855 842
Pensjonskostnader	1 103 803	692 637
Andre lønskostnader	390 123	378 550
Sum lønskostnader	<u>7 891 018</u>	<u>7 038 914</u>

Det har vore 14 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2012

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	669 183	201 870
Pensjonspremie Anna godtgjersle	10 406	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året: kr. 1.061.736

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2012 utgjør kr. 18.850

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.12	57 175 137
Tilgang	801 588
Avgang	46 969
Kostpris 31.12.12	57 905 592
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.12	33 379 941
Balanseførte verdier 31.12.12	24 340 414

Ordinære avskrivningar i året

2 997 234

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 330.647

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 19.791.174 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2012 er det betalt kr. 27.026 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 274.203

Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda

Årets skattekostnad

Resultatført skatt på ordinært resultat:

Betalbar skatt	148 538
Endring i utsatt skatt	-5 940
Skattekostnad ordinært resultat	142 598

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	808 817
Permanente forskjellar	-299 532
Grunnlag for årets skattekostnad	509 285
Endring i midlertidige forskjellar	21 212
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	530 497
Skattepliktig overskot	530 497

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	148 538
Sum betalbar skatt ordinært resultat	148 538

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	148 538
Sum betalbar skatt i balansen	148 538

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8